



Saksframlegg

Budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020

Saknr. utval	Utval	Møtedato
121/16	Formannskapet	07.11.2016

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.11.2016	Budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - versjon1	136113
20.10.2016	Budsjett 2017 Norddal - Storfjorden kyrkjelege fellesråd	135695

Rådmannen si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017 – 2020 i samsvar med vedlagte budsjettskjema.
2. Investeringane vert vedteke i samsvar med vedlagte budsjettskjema 2B
3. Investeringane vert finansiert med bruk av elverkfondet, momskompensasjon og sal av eigedomar i samsvar med budsjettskjema 2 A.
4. Ordførar si godtgjering vert fastsett til 8,25 G, for tida kr 763.752.
6. Skatteøret 2017 vert fastsett til høgaste lovlege sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak.
7. Eigedomsskatt
 - a) Norddal kommune skriv ut eigedomsskatt i 2017 i samsvar med Eigedomsskattelova § 2 og 3.
 - b) Eigedomsskatten omfattar verk og bruk i heile kommunen
 - c) Eigedomsskatten vert fastsett til 7 0/00 av takst
 - d) Eigedomsskatt skal betalast i 2 terminar
 - e) Ved utskriving vert vedtekne vedtekter nytta

Formannskapet 07.11.2016

Ordføreren fremma slikt forslag:

Rådmannen si innstilling vert tatt til førebels orientering.

Viktor Valdal, TVLN, fremma slikt forslag:

1.

Norrdal kommune skal ikkje greie ut eigedomsskatt for hytter, hus og næringseigedomar frå 2018. Balanse i økonomiplanperioden 2018-2020 skal gjennomførast utan innføring av eigedomsskatt for hytter, hus og næringseigedomar.

2.

Kommunestyret vedtek å samle ungdomsskulen ved Valldal skule frå hausten 2017.

Det vart ført røysta over ordføreren sitt forslag:

Samrøystes i samsvar med forslaget.

Det vart røysta punktvis over Viktor Valdal, TVLN, sitt forslag:

1.

3 røysta for forslaget

4 røysta mot

2.

3 røysta for forslaget

4 røysta mot

FS-121/16 Vedtak:

Rådmannen si innstilling vert tatt til førebels orientering.

Saksgrunnlag:

Kommunelova krev at kommunestyret ein gong kvart år skal vedta rullerande økonomiplan for komande fire års periode. Lova krev at kommunestyret innan utgangen av året skal vedtak budsjett for komande kalenderår. I Norrdal kommune vert økonomiplan og budsjett utarbeidd samla slik at første år i økonomiplanen er komande års budsjett.

Det er sentrale forskrifter som gjev nærare reglar om innhaldet i økonomiplanen. Det er eit krav at planen skal vere realistisk og alle utgifter skal vere dekkja inn.

Økonomireglementet gir retningsliner for innhald og inndeling av årsbudsjett og

økonomiplan.

Saksopplysningar:

Det vert vist til Budsjett 2017 – økonomiplan 2017 – 2020 versjon 1, som gjev informasjon om rammevilkår og føresetnader.

Den 12. september ga formannskapet rådmannen ei ramme på 119 millionar, der det var føresett at 1,5 millionar skulle settas av på fond for å dekke delar av forventa meirforbruk i 2016. I ramma var det berekna 1 million mindre i eigedomsskatt i 2017 enn i 2016.

Forslag til statsbudsjett vart lagt fram 6. oktober. Forslaget inneber at det reelt vert om lag kr 800.000 mindre i rammetilskot med pris- og lønnsstiging (deflator) på 2,5 %.

Den 21. oktober fekk kommunen eigedomsskattegrunnlaget for 2017 for kraftproduksjonsselskapa. Grunnlaget er vesentleg redusert og eigedomsskatten vil bli 6 millionar mindre enn det som vart utskreve i 2016. I ramma som vart vedteke 12. september var det tatt høgde for ein reduksjon på 1 million. Nedgangen vart 5 millionar meir enn det som var tatt høgde for i september.

Regulert ramme for 2017 vert lagt fram med kr 119 millionar.

I økonomiplanen er det lagt inn auke i eigedomsskatten i åra 2018 – 2020. Dette er gjort ut frå vedtak i kommunestyret 27. oktober, om at det skal leggjast fram ei utgreiing om eigedomsskatt for heile kommunen. For 2017 vil det ikkje vere teknisk mogleg å skrive ut eigedomsskat for anna enn verk og bruk.

Einingane har lagt fram eit behov for 2017 på 129 millionar til drift og 2,5 millionar til investering.

Uttale frå:

Saksvurdering og konklusjon:

Drift:

Rådmannen meiner at det vil bli eit urealistisk budsjett om driftsutgiftene vert tilpassa inntektsramma. Dette må sjåast i samheng med at det er gjort vedtak om vesentlege driftsreduksjonar dei siste åra. Prognosen syner at det vert eit meirforbruk på om lag 2 millionar i 2016. Med redusert ramme for 2017 vert det svært krevjande å få balanse i drifta og faren for at Norddal kommune vert definert som «Robek-kommune» er stor. Skal ein få balanse i drifta med det gjerast strukturelle endringar for å redusere kostnadane, samstundes sin ein må auke inntektene. Foreslått ramme til drift er rekna ut i frå planlagde reduksjonar i årsverk, deflator og nye tiltak/tenester som kjem i 2017.

Rådmannen legg fram eit budsjettforslag med ei underdekning på om lag 10 millionar.

	Budsjettbehov
Rådmann	2 967 000
Fellestenester	9 745 000
Skule og barnehage	42 819 000
Helse og omsorg	54 749 000

Teknisk, næring og miljø	18 435 000
	128 715 000
Gap mellom ramme og behov	10 164 000

Investering:

Vedtekne tilleggsinvesteringar til slutføring av Martin Linge huset var på 3,5 millionar i 2016. Tilleggsøyving i 2016 vil få konsekvensar for investeringsbudsjettet for 2017, da det er eit uttrykt ønskje om å halde investeringane på om lag 6 millionar i året i planperioden.

Forslag til investeringsbudsjett er lagt fram på grunnlag av einingane sine innspel og tidlegare politiske vedtak på enkeltsaker. Det som var planlagde investeringar i førre økonomiplan er berre vidareført i den grad det er kome innspel på vidareføring.

Tor Helge Stavdal
rådmann